

Styremøte i Telemark kulturnettverk 6/10-2010

Sak 11/10 Situasjonen i Telemarkkonsertar AS

Styret gjorde slikt vedtak i møtet 8. juni'

Vedtak:

Styret er bekymra for situasjonen i Telemarkkonsertar AS og ser på TK AS som det viktigaste virkemiddelapparatet for musikk- og kunstaktørane i Telemark.

Musikk- og kunstaktørane har tilpassa si drift og sine planar til dagens struktur og er i dag vesentlege bidragsytarar til TK AS sine disponible økonomiske og faglege ressursar. For å ta vare på desse ressursane og vidareutvikle samarbeidet er det avgjerande viktig at aktørane får delta i dialogane og vere premissleverandørar i dei endringsprosessane som skjer.

Styret vil sterkt frarå ei vesentleg endring av det fylkeskommunale virkemiddelapparatet før det er gjennomført ei grundig evaluering av dagens system og før fylkeskommunen har vedtatt ein formell plan for kulturområdet. Dette fordi virkemiddelapparatet bør tilpassast det overordna kulturpolitiiske målet og ikkje omvendt.

Dette har skjedd etter møtet 8. juni..

Rådmannen legg fram innstilling om å avvike selskapet og legge drifta direkte inn under fylkesadministrasjonen. TKN og tidlegare tilsette i TK AS. er sterkt kritiske til informasjonen i saksutgreiinga, som dei meiner er mangelfull, brukar feil talmateriale, er tendensiøs i framstillinga og manglar analyser av alternative tiltak.

Styret i TK AS utsette saka i møtet 13. september på grunn av mangelfull saksutgreiing.

Hovedutvalet for kultur og identitet vedtok å utsetje saka i møtet 20. september og invitere partane til eit dialogmøte med tanke på ny behandling i møtet 8.-9. november.

Hovedinnvendinga til TKN er likevel ikkje berre mangelfullt innhald i saksutgreiinga, men tidspunktet for å ta selskapet opp til vurdering utan forutgåande evaluering, grundige analyser av verksemda og planar for ein framtidig kulturstrategi.

Selskapet har eksistert i 20 år og kunne feire jubileum i desse dagar. Selskapet har blitt framheva av både brukarar og fylkesadministrasjon og fylkespolitikarar som eit viktig og vellukka tiltak for musikk- kunst og kulturlivet i fylket. TKN deler denne oppfatninga. Rådmannen hadde positive kommentarar så seint som i 2009.

Det sentrale spørsmålet er kva som har skjedd i 2010 som har ført til diametralt motsett holdning frå eigaren si side?

TKN sitt syn på selskapet er at det har hatt ein god dialog med brukarane, er tilpassningsdyktige til markedet og aktørane og har med relativt små løyvingar ytt god og funksjonell service til eit mangfoldig musikk- og kulturliv i fylket og samtidig skapt store verdiar i form av eigeninntekter som igjen har auka tilbodet og aktiviteten i selskapet.

Det har vore lett å observere at den største utfordringa for selskapet har vore kommunikasjon mellom selskapet og eigar. Noverande styre har vore tydeleg på eigar si rolle og har etterlyst klarare mål og arbeidsoppgaver for selskapet sine prioriteringar i eit meir langsiktig perspektiv. Dette er etter TKN si vurdering viktige og nødvendig avklaringar for å kunne gje utviklinga av musikk- og kulturlivet ein retning som både er i tråd med fylkeskommunen sine langsiktige mål og som dei mange brukarane kan forholde seg til.

Administrasjonen svarar på styret i TK AS sine spørsmål om avklaringar med å innstille for hovedutvalet om å legge ned selskapet. Ein meir tydeleg eigarrolle er ikkje utgreidd eller kommentert.

Det er ikkje gjennomført evaluering av 20 års drift i TK AS slik at ein kan samle erfaring av både positiv og negativ art som ein kan ta med seg i den vidare prosessen.

Det er ikkje foretatt brukarundersøkingar som kan dokumentere nøgde eller misnøgde kundar. Det er ikkje gjort analyser av dagens eller framtidens behov for fylkeskommunal medverking i musikk- og kulturlivet i fylket, verken frå fylkeskommunen si side eller frå eit brukarperspektiv. Fylkeskommunen har ingen fungerande musikk- eller kulturplan som seier noko om kulturpolitiske mål og utviklingsstrategiar for kunst- og kulturområdet. Administrativt er det gitt signal om at oppstarten av ein kulturplan er nær foreståande og at den skal til politisk behandling i 2012.

Paradokset i rådmannen sitt framlegg er difor endå meir tydeleg:

Kvifor har fylkeskommunen slik hast med å legge ned eit for brukarane velfungerande selskap utan evaluering, utan brukarvurderingar, utan faglege eller kulturpolitiske analyser like i forkant av ein planprosess som skal stake ut den langsiktige kulturpolitiske kursen?

- Veit rådmannen alt nå kva slags innhold og retning politkarane vil gje kulturplanen?
- Veit rådmannen alt nå at det er eit reint forvaltningsorgan som vil vere det optimale verkemidlet for å utvikle eit mangfoldig kunst- og kulturliv i Telemark?
- Veit rådmannen alt nå at fylkeskommunen sin strategi vil vere å bygge opp offentlege ordningar (som td. muskarordningar som i andre fylke) med fylkeskommunen som arbeidsgjevar heller enn å utvikle kunst- og kulturlivet i samhandling med dei mange aktørane?

Vedtak:

Styret i Telemark kulturnettverk vil vise til vedtaket frå møtet 8. juni (vedlagt)

Styret vil tilrå slik prosedyre for vidare framdrift:

- 1. Fylkeskommunen bør gjennomføre ei ekstern evaluering av TK AS si 20 årige drift med særleg vekt på brukarperspektivet. Dette arbeidet bør gå parallelt med forarbeidet til kulturplanen.**
- 2. Justeringar og/eller endringar av selskapet bør stå på dagsorden når dei kulturpolitiske måla og dei kulturpolitiske strategiane er avklara i ein vedtatt kulturplan.**
- 3. Brukarane og kundane av TK AS fortener å kome i ordinær drift igjen og vidareføre samarbeid og samhandling i same omfang som hittil. Styret i TK AS bør snarast tilsette ny dagleg leiar, enten på åremål til planprosessen og dei langsiktige strategiane er avklara, eller som fast tilsetning med ein full gjennomgang av selskapet og framtidig drift som ein premiss i tilsettinga.**
- 4. Fylkeskommunen må snarast råd avklare tilhøvet til rikskonsertane med tanke på å få produsenten for skolekonsertane i arbeid igjen. Dette for at muskarane i Telemark kan få oppdrag innan områda skulekonsertar og barnehage på lik linje med andre fylke.**